



ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Ålesund kommune - vedtak - lovlegkontroll etter kommunelova – kommunestyrevedtak sitt i sak 102/23

Statsforvaltaren har gjennomført ein lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak 102/23.

Statsforvaltaren finn at vedtaket er lovleg. Kravet om lovlegkontroll har ikkje ført fram.

Vi viser til kommunen si oversending av 27. september 2023.

Oversendinga gjeld krav om lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak om val av organisasjonsform for nytt felles avløpsreinseanlegg for Sula og Ålesund (sak 102/23).

Saksgong

Ålesund kommunestyre har i møte den 22. juni 2023 (sak 102/23) treft vedtak om å organisere det interkommunale samarbeidet for nytt avløpsreinseanlegg som eit interkommunalt selskap.

Tre kommunestyrerepresentantar; Hans Kjetil Knutsen, Arne Almås og Håkon Lykkebø Strand har den 28. juni 2023 sett fram eit krav om lovlegkontroll av vedtaket i sak 102/23. Klagarane viser i all hovudsak til at saksbehandlinga for heile sakskomplekset knytt til felles avløpsreinseanlegg for Sula og Ålesund er sterkt mangelfull og ikkje oppfyller krava til forsvarleg saksbehandling.

Kommunestyret behandla kravet om lovlegkontroll den 21. september 2023 (sak 125/23). Med 51 mot 24 røyster haldt kommunestyret fast på vedtaket sitt i sak 102/23.

Kommunen har etter dette sendt saka over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Vilkåra for lovlegkontroll etter kommunelova

Etter kommunelova (koml.) § 27-1 kan tre eller fleire av representantane i kommunestyret be Statsforvaltaren om å kontrollere om eit kommunalt vedtak er lovleg.

Det går fram av koml. § 27-3, første ledd kva vedtak som kan gjerast til gjenstand for lovlegkontroll:



- a. Endeleg vedtak fatta av eit folkevald organ
- b. Vedtak om at eit møte i eit folkevald organ skal haldast for opne eller lukka dører
- c. Vedtak som gjeld spørsmål om habilitet

Kravet om lovlegkontroll må settast fram innanfor ein frist på tre veker rekna frå vedtakstidspunktet.

Kravet er her sett fram av tre kommunestyrepräsentantar innanfor trevekers-fristen. Kravet er retta mot eit endeleg vedtak fatta av eit folkevald organ. Vilkåra for å gjennomføre ein lovlegkontroll av vedtaket i sak 102/23 er oppfylte.

Innhaldet i ein lovlegkontroll

Det sentrale føremålet med ein lovlegkontroll er å avklare eventuell rettsleg tvil ved det kommunale vedtaket, utan å måtte gå til domstolane med saka. Lovlegkontrollen inneber ikkje full overprøving av vedtaket. Med mindre det er snakk om misbruk av mynde, så skal ikkje Statsforvaltaren kontrollere kommunen si frie skjønnsutøving. Vi skal berre kontrollere dei offentleg-rettslege sidene av vedtaket.

Ved ein lovlegkontroll skal vi gjere ei vurdering av følgjande:

- a. Har vedtaket eit lovleg innhald
- b. Er vedtaket treft av rett organ
- c. Har vedtaket blitt til på lovleg måte

Etter å ha gjennomført ein lovlegkontroll av vedtaket, skal vi slå fast om vedtaket er lovleg eller ikkje. Det skal ikkje treffast nytt vedtak i saka, men vi kan oppheve vedtaket dersom det er ulovleg.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi vil først klargjere at det vedtaket vi skal gjennomføre ein lovlegkontroll av, er vedtaket som blei treft i sak 102/23. Dette vedtaket gjeld val av organisasjonsform for det interkommunale samarbeidet mellom Sula og Ålesund knytt til nytt felles avløpsreinseanlegg. Vi kjem ikkje til å gjere ein lovlegkontroll av heile sakskomplekset slik klagarane ønskjer.

Vedtak treft av rett organ

Vedtaket er treft av kommunestyret som er kommunen sitt øvste organ. Vi slår fast at kommunestyret har myndigheit til å treffe slik vedtak som er gjort i sak 102/23.

Vedtak som er blitt til på lovleg måte

Det rettsleg avgjerande for om vedtaket har blitt til på lovleg måte, er om gjeldande saksbehandlingsreglar er fylgt og om saksbehandlinga har vore forsvarleg.

Vedtaket er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Forvaltningslovas reglar i kapittel IV til VI gjeld derfor ikkje direkte. For alle vedtak som er treft av eit offentleg organ gjeld dei alminnelege reglane i forvaltningslovas kapittel III og VIII og forvaltningsrettslege prinsipp. Det stiller krav om at saksbehandlinga for alle offentlege vedtak skal vere forsvarleg.

Kravet om forsvarleg saksbehandling inneber mellom anna at saka skal vere tilstrekkeleg utgreidd før det blir treft vedtak i saka. Vedtaket skal også vere tilstrekkeleg grunngeve. Kor godt utgreidd og grunngeve eit vedtak skal vere, styrast av kva type sak det gjeld. Kravet til forsvarleg saksbehandling



tilseier også at saksutgreiinga er utforma på ein slik måte at dei som skal treffe avgjerd i saka, kan sette seg inn i saka.

Kommunestyret skulle i sak 102/23 velje organisasjonsform for det interkommunale samarbeidet med Sula kommune knytt til felles avløpsreinseanlegg. Saka er ei oppfølging av punkt 2 i sak 161/21 der det blei gjort følgjande vedtak:

«Kommunedirektøren jobbar vidare med utgreiing av eigarskapsmodell og korleis samarbeidet mellom Ålesund kommune og Sula kommune skal avtalefestast.»

I oppfølginga av punkt 2 i sak 161/21 har kommunen engasjert konsultentselskapet Kinei AS til å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for val av organisasjonsform. Rapporten «*Organisering av samarbeid om avløpsrensing mellom Ålesund og Sula kommuner. Kunnskapsgrunnlag for beslutning*», datert 5. mai 2023 utgjer ein del av saksframlegget til sak 102/23 (vedlegg 1). Saksframlegget gjer greie for innhaldet i rapporten. Det gjeld til dømes: relevante kriterium ein må vurdere ved val av organisasjonsform, ulike modellar for interkommunalt samarbeid og tilrådinga frå konsulent. I saksframlegget er det i tillegg gjort ei vurdering av tilrådinga i rapporten.

Val av organisasjonsform for det interkommunale samarbeidet har betydning for kommunen på fleire måtar. Det har for det første betydning for korleis styring kommunen skal ha med felles avløpsreinseanlegg. Val av organisasjonsform har også betydning for meir praktiske forhold, og det har ei kostnadsside.

Ei forsvarleg saksbehandling føreset at saksutgreiinga gir tilstrekkeleg informasjon til at kommunestyret kan gjere eit informert og grunngjeve val. Det er vår vurdering at det samla saksframlegget (inkl. rapporten) gir ei tilstrekkeleg oversikt over dei relevante forholda som har betydning for valet av organisasjonsform. Saksframlegget gir også tilstrekkeleg informasjon til at kommunestyrerepresentantane kan stille spørsmål, be om nærare avklaringar og eventuelt også ytterlegare utgreiingar.

Vi viser til koml. § 11-3, fjerde ledd som slår fast at eit alminneleg fleirtal kan vedta å utsette realitetsbehandlinga av ei sak. Det kan til dømes vere aktuelt dersom ein meiner at saka ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Medlemmane av eit folkevald organ har slik eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om ei sak er tilstrekkeleg utgreidd til at det kan treffast vedtak i saka.

Ved kommunestyret si behandling av saka blei det fremma eit forslag frå kommunestyrerepresentant Hans Kjetil Knutsen om å utsette valet av organisasjonsform til heile saka er utgreidd på nytt. Forslaget falt med 51 mot 20 røyster.

Kommunestyret fekk ved si behandling av kravet om lovlegkontroll, høve til å vurdere saka på nytt. Det sentrale klagepunktet i lovlegkontrollen er nettopp spørsmålet om saka var tilstrekkeleg utgreidd. Kommunestyrerepresentantane Hans Kjetil Knusen, Arne Almås og Håkon Lykkebø Strand fremma forslag om blant anna ytterlegare utgreiing. Eit fleirtal på 51 mot 24 røyster vedtok då å halde fast ved det opphavlege vedtaket.

Eit større fleirtal i kommunestyret har ved to høve lagt til grunn at saka var tilstrekkeleg opplyst til å treffe vedtak. Saksframlegget i saka gjer greie for relevante forhold knytt til val av organisasjonsform, og det er gjort vurderingar av korleis verknader det får for kommunen. Vi finn ut ifrå dette at saka er forsvarleg utgreidd. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre andre forhold som tilseier at saksbehandlinga ikkje har vore forsvarleg.



Etter ei konkret og heilskapleg vurdering slår vi fast at saksbehandlinga for vedtaket i sak 102/23 oppfyller krava til forsvarleg saksbehandling.

Vedtaket med eit lovleg innhald

Det sentrale ved Statsforvaltaren si prøving av om vedtaket har eit lovleg innhald, er ei klargjering av at vedtaket ikkje strir mot lov, at det er basert på riktige lovar og reglar, samt at det ikkje er eit utslag av myndigheitsmisbruk.

Organisering av interkommunalt samarbeid som interkommunalt selskap er regulert av lov om interkommunale selskaper (IKS-loven). Vi finn ikkje noko i vedtakets innhald som er i strid med IKS-loven eller andre relevante lovar og reglar. Vi slår derfor fast at vedtaket i sak 102/23 har eit lovleg innhald.

Oppsummering

Statsforvaltaren finn etter ein gjennomgang av sak at:

- Vedtaket er treft av rett organ
- Saksbehandlinga oppfyllar krava til forsvarleg saksbehandling
- Vedtaket i sak 102/23 har eit lovleg innhald

Statsforvaltaren sitt vedtak

Kommunestyret sitt vedtak i sak 102/23 er lovleg, og vi finn ikkje grunnlag for å oppheve vedtaket.

Kravet om lovlegkontroll har ikkje ført fram.

Det er ikkje klagerett på vårt vedtak.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
fagdirektør

Frida Farstad Brevik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Håkon Lykkebø Strand
Hans Kjetil Knutsen
Arne Olav Almås

Lyngholmvegen 345 B
Rørstadvegen 25
Parkgata 22

6057 Ellingsøy
6016 ÅLESUND
6003 ÅLESUND